



# Håp

- ☐ = Rett på retta, vrang på vranga
- = Løft ein m av som om den skulle strikkast vrang
- = Vrang på retta, rett på vranga
- ⊗ = Vridd rett på retta, vridd vrang på vranga

Diagram A:





Diagram B:



Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk, og #håp\_sokken om du vil.  
Lykke til!

Elisabeth



**Størrelse:**

Dame / Herre (str. 35-52)

**Garneksempel:**

HS Soft Sock / HS Silver Sock / HS Angel

**Garnmengde:**

Ca. 50 g i str. 39

**Pinneforslag:**

Pinne 2,5 mm / 3 mm

**Strikkefastheit:**

28m pr 10 cm / 26m pr 10 cm

Desse lestane er strikka frå tåa og opp.

Pinne 1 er under foten, og pinne 2 er over foten om du bruker magic loop.

Damesokken skal strikkast med strikkefastheit 28/10, medan herresokkane på 26/10. Lengden justerer du ihht tabell.

## Forkortingar:

**LLS** = løft, løft, strikk:

Løft 2 m som dei skulle strikkast rett, over på høgre pinne ein for ein. Sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei vridd rett. Maskane skal då legge seg mot venstre.

**SFB** = Strikk i framre og bakre maskebeoge på same maske = 1 maske auka.

**RS** = Rettsida

**VS** = Vrangside

## Tå:

Legg opp 11 m på kvar pinne med Judy's magic cast on, totalt 22 masker. (= omg. 1 i diagram A)

Strikk ein omgang rett (=omg. 2 i diagram A)

Nå skal du begynne å auke til tåa samstundes som du fortsetter å følge diagram A på pinne 2:

- Omg. 1, pinne 1: SFB, strikk rett til 2 masker står igjen på pinne 1, SFB, 1 rett
- Omg. 1, pinne 2: SFB, strikk etter diagram A til 2 masker står igjen på pinne 1, SFB, 1 rett
- Omg. 2 pinne 1: Strikk alle maskane rett.
- Omg. 2 pinne 2: Strikk etter diagram A

Fortsett å strikke omg. 1 og omg. 2 til du har totalt 58 masker på pinnane.

Avslutt med omg. 2.

No har du 29 m på kvar pinne.

## Fot:

Når tåa er ferdig fortsetter du med å strikke mønster etter diagram B. Mønster oppå foten, glattstrikk under. Strikk til foten har ønska lengde før hælfelling. Avslutt med ein omg. med løfta masker (omg. 2 eller 6). Hælen måler ca. 8 / 8,5cm.

## Hælkile:

No skal du auke til hælkilen på undersida av foten (pinne 1), slik:

- Omg. 1, pinne 1: SFB, strikk rett til står att 2 masker, SFB, 1 rett.
- Omg. 1, pinne 2: Mønster etter diagram.
- Omg. 2, pinne 1: Rett
- Omg. 2, pinne 2: Mønster etter diagram.

Gjenta desse to omgangane til du har 53 masker på pinne 1.

EUR	CM
52	34.0
51	33.4
50	32.7
49	32.1
48	31.4
47	30.8
46	30.1
45	29.5
44	28.8
43	28.1
42	27.5
41	26.8
40	26.2
39	25.5
38	24.8
37	24.2
36	23.5
35	22.9

## Hæl:

No skal du forme hælen og berre strikke på pinne 1. Hælen skal også ha strukturmøster som oppå foten.

Før du starter, sett ein MM på kvar side av dei midterste 9 m på pinne 1 slik: Strikk 22 r, sett MM, strikk 1 vr, 3 r, 1 vr, 3 r, 1vr, (diagram B) sett MM, strikk 22 r. Snu. Strikk 22 vr, flytt MM, 1 r, 3 vr, 1 r, 3 vr, 1 r, flytt MM, 22 vr. Snu.

No skal du felle inn igjen dei maskane du auka til hælkilen, samstundes som du legg til mønster på kvar side av dei 9 midterste maskane.

- Omg. 1 RS: Strikk 22 r, 9 m etter diagram, LLS, 1 rett, snu.
- Omg. 2 VS: Ta ein maske laust av, 10 m som diagram viser, 2 vrangt saman, 1 vrang, snu.
- Omg. 3 RS: Ta ein maske laust av, strikk etter diagrammet til en maske før hol, LLS, 1 rett, snu.
- Omg. 4 VS: Ta ein maske laust av, strikk etter diagrammet til en maske før hol, strikk 2 vrangt saman, 1 vrang, snu.

Gjenta omg. 3 og 4 til alle sidemaskane er strikka og du har 31 masker på pinne 1.

Husk å fylle på med diagram etterkvart. (sjå bilete)


Pass på å avslutte hælen på same omg. som du avslutta oppå foten, slik at du er på same stad i mønsteret når du no skal byrje å strikke skaftet. Berre strikk eit par ekstra omg. bak på hælen om du treng det for å kome på same plass.

## Skaft:

No har du 60 m på pinnane. Når du skal byrje å strikke rundt igjen kan du plukke opp ein maske i kvar side mellom pinne 1 og 2 og strikke den vridd saman med nabomasken. Strikk mønster etter diagram B heile vegen rundt (på begge pinner) i 2 cm

Strikk diagram C 1 gong.

## Diagram C:



Fell av med italiensk avfelling for ei elastisk og fin avslutning.